

MØTEBOK - TITTELBLAD - FORMANNSKAPET

Møtestad: FORMANNSKAPSSALEN	Møtedato: 11. MARS 2008	Frå kl.: 0830	Til kl.: 1130
Møteleiar:	Ordførar Olav Lunden		
Møteinncalling: (kunnngjering):	Sendt medlemmer og varamedlemmer 06.03.08		
Representantar som er borte:			
Vararepresentantar som er til stades:			
Til stades:	I alt: 5	Av desse 0 vararepresentantar	
	Merknader:		
Andre frammmøtte:	Rådmann OddArve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine		
Saker som vart handsama:	Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 17/08-23/08		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	Birte Fossheim (sign.) Astri Taklo (sign.) Steinar Fredheim (sign.) Jarle Andersen (sign.) Olav Lunden (sign.)		

MØTEPROTOKOLL

Formannskapet

Møtestad: **FORMANNSKAPSSALEN**

Møtedato: **11.03.2008** Tid: **0830**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
17/08	08/147 ORIENTERINGSSAKER
18/08	07/819 SØKNAD OM 30-SONE I BUSTADFELT, NYBØ
19/08	08/135 UTBETRING AV SKADE PÅ FRIOMRÅDE, NYBØ
20/08	07/914 MELDING OM TILTAK - OPPFØRING AV BUSTADHUS, KAI OG GARASJE - MARIT SILJE HUSABØ
21/08	08/153 LEDIGE TOMTER I LUNDENE
22/08	08/160 LEDIGE TOMTER I HUSABØ II
23/08	07/566 KOMMUNEPLAN 2008 -2016 - PLANPROGRAM

17/08

ORIENTERINGSSAKER

TEMA:

Orientering frå arbeidsgruppa for vurdering av det framtidige barnehagetilbodet ved leiar i gruppa, Jan Sigurd Haugen.

Brev av 06.02.08 frå Statens vegvesen med tildeling av fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar – Aksjon skuleveg 2008. Leikanger kommune har fått tildelt 73.500 kr til tre tiltak; autovern ved parkeringsplass Nybø barnehage, fartshumpar i Hjedl bustadfelt og revisjon av kommunal trafikktryggingssplan. Rådmann har oppnemnt ei administrativ arbeidsgruppe for revisjon av den kommunale trafikktryggingssplanen.

Referat frå møte 13.02.08 med miljøvernavdelinga om reguleringsplan for Sanden.

Kopi av brev av 27.02.08 frå fylkesmannen til Anne Karin Hovland med avgjerd i klagesak – godkjenning av utbyggingsplan og endring av reguleringsplan for Skeide. Fylkesmannen har stadfesta formannskapet sitt vedtak den 27.11.07, sak 126/07.

Notat av 06.03.08 frå nærings- og utviklingssjef om planar og prosjekt ved Leikanger barneskule.

Brev av 03.03.08 frå dei politiske partia sine kommunestyregrupper vedkommande orientering frå tenesteeiningane til dei folkevalde.

Spørsmål om rekrutteringspolitikken ved sjukeheimen.

Spørsmål om fråsegn til NTP.

Spørsmål om utforming og innhald på heimesida.

18/08

SØKNAD OM 30-SONE I BUSTADFELT, NYBØ

VEDTAKET lyder slik, samr.:

**Det vert innført fartsgrensesone 30km/t i Nybø.
Skilt nr. 366 og 368 vert sett opp i avkøyrslø frå Sognefjordvegen til Nybø.**

19/08

UTBETRING AV SKADE PÅ FRIOMRÅDE, NYBØ

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger formannskap løyver kr. 60.000.- for å setje i stand att muren på friområdet i Nybø.

Kostnaden vert dekkja på ansvar 03721 konto 2388 prosjekt 372106 med overføring på kr. 20.000.- frå drift bustadområde ansvar 13514 konto 2501 og med kr 40.000.- frå sal av eigedom i Husabø.

20/08

MELDING OM TILTAK - OPPFØRING AV BUSTADHUS, KAI OG GARASJE - MARIT SILJE HUSABØ

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Formannskapet gjev løyve til oppføring av nytt bustadhus, garasje, mur mot sjøen, båtstø og kai på gnr.12 bnr.190 som vist på revidert situasjonsplan av 07.02.08 rev. B med tilhøyrande snitt 06A og 07A.

Teknisk kontor får i fullmakt å godkjenna ansvarshavande for dei ulike faga.

21/08

LEDIGE TOMTER I LUNDENE

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Prisen for tomte R1 vert fastsett til kr. 200.000,-.

Den kommunale delen av feltet definert som tomt 7, 8, 9, 11 og 12 vert lagt ut for sal. Arealet på om lag 5,2 daa vert selt samla til ein pris av kr. 250.000,-.

Rådmannen får fullmakt til å utarbeide kjøpeavtale med klausul om tidspunkt for ferdigstilling av anlegget.

22/08

LEDIGE TOMTER I HUSABØ II

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Saka vert utsett i påvente av vurderinga av framtidig bruk av gamle sjukeheimen.

23/08

KOMMUNEPLAN 2008 -2016 - PLANPROGRAM

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Framlegg til planprogram av 6.mars 2008 for arealdelen i kommuneplanen med planutvalet sine tilføyningar vert lagt ut til offentleg ettersyn.